Nr. 7 september 2007 - Årg. 22

# Bygdabladet for BOKN





Ein motivert politikar
Les meir s. 5



Fagtur til Latvia
Les meir s. 8



Aktiv trialsesong
Les meir s. 14

www.bygdabladet.no



# ORDFØRAREN HAR ORDET

**Reguleringsplanen for Rogfast**
Kommunestyret har i sitt siste møte gitt ein uttale til reguleringsplanen for Rogfast. Synlige inngrep ved Rogfast er små, då tunnelopningane blir i nærheten av dagens oppstillingsplass.

Men det som er ei problemstilling er at der ikkje ligg inne av- og påkjørsel på Are.
Kommunestyret vil ha det, og ber om å få det utreda. Så får det arbeidet visa om det lar seg gjennomføre trafikksikkerhetsmessig og arealmessig. Utbedring av krysset i Knarholmen ligg nå inne i prosjektet.
Kommunestyret viser og til ein rapport om trafikksikkerheten på E39, samt støyplager, og ber om at det blir utbedra i prosjektet.

Kommunestyret skal endelig godkjenne reguleringsplanen i eit møte i november.

**Kjekt på Bokn**
Kommunestyret har nå vedtatt ein plan for framdrift av prosjektet Kjekt på Bokn. Planen er delt inn i kortsiktige og langsiktige tiltak. Av dei tiltaka ein jobbar mest med nå er å få fiksa opp avkjørselen til E39, ferdigstilling av nær-miljøanlegget ved Fyren, bruk av Boknafjellet og mange mindre tiltak som vil auke trivselen på Bokn.

Arbeidsgruppene som er nedsette får eit viktig ansvar med å utvikle og gjennomføre tiltaka.
Det er derfor viktig at det store engasjementet som har vore held fram, noko eg har stor tru på.

**Reguleringsplanen for Føresvik** er nå godkjent etter at kommunestyret ga etter for innsigelsen frå Fylkesmannen om at ca. 25 meter strandlinje på Hviding sin eigendom skal regulerast til friområde og ikkje til naust. Det er ufatteleg at ein skal bruke så mykje tid og ressursar på ein så liten sak, når Bokn i tillegg har milevis med uberørt standlinje. Det er og min påstand at Fylkesmannen er med på å hindre ei god utvikling på Bokn.

**Takk for meg**
Etter åtte år som ordførar er det slutt for min del. Det har vore åtte år med mykje arbeid og mange spennande oppdrag. Eg føler sjølv at me har klart å sette Bokn på kartet og fått fram vårt syn.

Perioden har vore prega av både oppturar og nedturar, men det er svært godt å overlate ein kommune i vekst med god kontroll over økonomien og eit svært godt utbygd kommunalt servicetilbod til eit nytt kommunestyre.

Dei siste to, tre åra skulle eg gjerne deltatt meir blant lag og organisasjonar og vore meir involvert og "på hugget" i fleire saker, men eg blei dessverre fråtatt den muligheten, og det vil eg beklage overfor dykk som valgte meg.

Så vil eg gratulere Kyrre med eit godt val og ønske han lykke til som ny ordførar, slik det ser ut i skrivande stund, og håpar at han får mulighet til å gjere den jobben som me forventar og som blir kravd for at Bokn skal bli høyrt ut i den store verda.

Det har vore kjekt og givande å få gjere ein slik jobb for Boknasamfunnet, og til slutt vil eg takke for meg.

Svein Ove

## På kino 12. oktober

Alle




Shrek den Tredje (no. Versjon)

Lengde: 1 t 33 min.

**Shrek den Tredje**
Det å være konge er ikke for alle - særlig ikke om du er et troll som lukter som den grunne enden av en myr. Da Shrek giftet seg med Fiona, var det å styre landet Langt Langt Borte det siste han ville, men når svigerfaren hans, Kong Harald, plutselig dør, får Shrek straks en krone på hodet.
Nå blir den motvillige monarken, hvis han da ikke kan finne en passende erstatter, tvunget til å ta tronen for resten av sine dager.

**Varg Veum -Bitre blomster**
"Bitre blomster" er den første filmen om Varg Veum. I Trond Espen Seims skikkelse kommer forfatter Gunnar Staalesens privatetterforsker endelig ut av Bergensskyggene og inn på det store lerretet.

**Kiosk fra kl. 17.30**
**Velkommen til kino!**




Varg Veum Bitre blomster

# Kommunevalet 2007

Jardar Havikbotn

Frammøteprosenten gjekk opp med 4,7% frå kommunevalet i 2003. 69,2% av dei 597 røysteføre stemde denne gong.
50 stk. hadde gitt stemma si på førehand. Det var to meir enn for fire år sidan.

## Her er Bokn kommunestyre 2007 - 2011:

| | | Endring frå val 2003 |
|---|---|---|
| **BOKN ARBEIDERPARTI** | **33,4 % av stemmene** | **+ 13,5% (+ 3 repr.)** |

**Kyrre Lindanger (ordf.)**
**Anne L. Faye**
**Arne Hosaas**
**Elisabet Taraldlien**
**Gunnar Solberg**
**Anne Lise Nilsen**

**Marie L. Faye (1. vararepr.)**

| | | |
|---|---|---|
| **BOKN SENTERPARTI** | **35,1 % av stemmene** | **+ 3% (+ 1 repr.)** |

**June Kro (varaord.)**
**Rune Vatnaland**
**Tormod Våga**
**Ottar Borgenvik**
**May Jorunn Vatnaland**
**Johannes Nilssen**

**Harry Vågshaug (1. vararepr.)**

| | | |
|---|---|---|
| **BOKN HØYRE** | **26,2 % av stemmene** | **- 11,9% (- 3 repr.)** |

**Lars Sigmund Alvestad**
**Jostein Larsen**
**June Susanne Grønnestad**
**Gunnar Emil Bokneberg**

**Finn Kro (1. vararepr.)**

| | | |
|---|---|---|
| **BOKN KRISTELIG FOLKEPARTI** | **5,3 % av stemmene** | **- 4,6% (- 1 repr.)** |

**Oddvar Hognaland**

**Marie Vågshaug (1. vararepr.)**

## Bygdabladet si meiningsmåling

**Ein månad før valet, fram til valet opna 10. september kl. 09.00 hadde bokn.no ei uhøgtideleg meiningsmåling med dette spørsmålet;**

**Kva parti skal du stemma på ved valet 10. september?**

**856 besvarelser fordelte seg slik:**

| | |
|---|---|
| **408 svarte AP** | **noko som tilsvarar 47,66% av den totale besvarelsen.** |
| **220 svarte H** | **noko som tilsvarar 25,70% av den totale besvarelsen.** |
| **32 svarte KRF** | **noko som tilsvarar 3,74% av den totale besvarelsen.** |
| **196 svarte SP** | **noko som tilsvarar 22,90% av den totale besvarelsen.** |

**Då viste det seg at tendensen med raud framgang og blå tilbakegang sidan kommunevalet 2003 kom godt fram på målinga.**

**Rett nok blei det mykje jamnare mellom AP og SP enn det målinga viste, men resultata til H og KRF blei langt på veg identiske med valresultatet.**

# Kyrre Lindanger blir ordførar

**Senterpartiet får varaordføraren og leiaren av Forvaltningsstyret.**

Arbeiderpartiet sin listetopp, **Kyrre Lindanger**, blir Bokn sin ordførar dei neste fire åra. June Kro (SP) blir varaordførar.

Etter forhandlingar mellom partia er det inngått ein avtale mellom SP, AP og KRF som går ut på at dei tre partia til saman skal ha 6 av 7 representantar i hovudutvala, Formannskapet og Forvaltningsstyret. Dette betyr at H får ein representant med i kvart utval.

KRF blir representert i Forvaltningsstyret, men ikkje i Formannskapet.

**H støtta AP**
Etter at valresultatet var klart 10. september, tok AP umiddelbart kontakt med SP og forhandla til kl. 01:00 valnatta. Allerede då var det temmeleg klart at AP skulle ha ordføraren, men mandatfordelinga var uklar. Samtalane heldt fram dagen etter, då også H gav beskjed til AP at dei støtta Arbeiderpartiet.

**Personstemmer**
Bygdabladet har grunn til å tru at det i ordførar-forhandlingane mellom dei to jamnstore partia (SP fekk sju stemmer meir enn AP), blei lagt vekt på dei personlege stemmene. Her fekk Kyrre Lindanger heile 140 ekstrastemmer (82 kummuleringar og 58 slengarar frå andre parti) medan June Kro fekk 69 ekstrastemmer (48 kummuleringar og 21 slengarar frå andre parti).

**Fordeling, hovudutval for kommande fireårsperiode:**

**Bokn formannskap**

| | |
|---|---|
| SP | 3 repr. |
| AP | 3 repr. |
| H | 1 repr. |

**Bokn forvaltningsstyre**

| | |
|---|---|
| SP | 3 repr. |
| AP | 2 repr. |
| H | 1 repr. |
| KRF | 1 repr. |

Rune Vatnaland (SP) blir formann av Forvaltningsstyret. Resten av namna i hovudutvala er ikkje klare enno (10. sept.), men pga. kvoteringsregelen skal alle dei seks kvinnene i kommande kommunestyre vera med i hovudutvala, tre i kvart.

**Kommunestyremøte**
Den 9. oktober skal det heile formelt bli vedtatt. Då konstituerer noverande ordførar, Svein Ove Alvestad, det nye kommunestyret ved først å velja nytt formannskap, så ordførar og varaordførar.

**Ordet fritt**

# Betraktningar etter valget

**Kjære medbygdinger**

Først vil jeg takke for den tilliten som våre velgere har vist oss med å stemme oss inn i kommunestyret. Jeg og de andre høyrepolitikerne skal ta godt vare på denne tilliten. Videre vil jeg få lov til å gratulere mine politiske kolleger fra de andre partiene med et godt valg, spesielt er det godt å se at Kyrre Lindanger, som blir den neste ordføreren, har et bredt grunnlag bak seg.

Som nyvalgt kommunestyremedlem vil jeg prøve å bruke Bygdabladet som et naturlig fora til å få frem hvordan jeg opplever den politiske hverdagen fremover og hvilke saker vi jobber med. Saker vi vinner og saker vi taper.

Det viktigste for Høyre fremover vil være å jobbe frem forslag som gjør at vi kan få flertall for saker som vi har programfestet i denne valgperioden. Saker som vi tror på og som gjør at vi fortsatt får et godt boknasamfunn.

**Motivasjon**
Den politiske hverdagen så langt startet for oss med gjennomgang av Høyre sin liste til valget, utarbeiding av program, folkemøte og valg. Høyre mistet tre representanter i kommunestyret under dette valget og er nå tilbake på det nivået som har vært vårt snitt. Dette beklager vi selvsagt, samtidig som det motiverer oss til å vise at dette kan vi gjøre bedre og komme sterkere tilbake neste gang. Vårt arbeid i de neste fire årene skal gi oss svaret på dette.

Dagen etter valget, da den klare tale fra dere alle var formidlet, følte vi at det var rett å formidle til vår nye ordfører at Høyre tok valget på alvor og støttet den beste kanditaten som ordfører, vi ga også en veldig klar beskjed om at vi så frem til gode fire samarbeidsår, med en god felles plattform i de programmene som partiene hadde lagt frem før valget. Arbeiderpartiet spesielt sa i sitt program at de skulle være inkluderende og samlende og ta alle med.

Vi er derfor veldig forundret over den arroganse som er vist fra flertallet så langt , men dessverre ikke overraskende.

I normal stil, uten å være inkluderende, uten å være samlende har de valgt å avspise 28% av Bokns stemmeberettige med en representant i formannskapet og en i forvaltningstyret. Krf med sin ene representant fikk samme tildeling.

**Opposisjonspolitikk**
Til tross for vår invitasjon til et godt samarbeid videre ble vi ikke kontaktet eller invitert med i prosessen. Vi velger å tro på vår nye ordfører, når han sier at han skal være samlende - at han viser en annen holdning en den arroganse som forhandlingsutvalget hans har vist.
Høyre tar disse signalene på alvor og vil føre en opposisjonspolitikk som vi kan stå for i henhold til vårt program. Dette skal vi gjøre samtidig som vi også skal søke kompromisser og tydelig tilkjennegi når vi er enig med våre politiske motstandere.

Bokn Høyre skal ikke svikte sine velgere. Vi skal sørge for at de eldre for et godt og verdig liv i Bokn. Vi skal sørge for at de unge føler seg ivaretatt og får tilrettelagt for sine aktiviteter samtidig som de tar ansvar for å ivareta de mulighetene. Vi skal sørge for at vi som er i midtlivskrisen også føler vi har en god bokommune, og ikke minst skal vi sørge for at næringslivet vil etablere seg her og at vi tar vare på de allerede etablerte slik at de blir. Ingen av våre velgere skal trege på at de stemte Høyre.

Vi vil komme med månedlige oppdateringer i Bygdabladet etter som tiden går.

**Med vennlig hilsen**
**Lars S. Alvestad**

# Ein motivert politikar

Jardar Havikbotn

**Påtroppande ordførar Kyrre Lindanger vil framstå samlande for det kommande kommunestyret.**

Den 32 år gamle politibetjenten ynskjer å vera inkluderande når han skal leia Bokn kommunestyre dei neste fire åra.

- Det er viktig å ta med politikken til alle partia i det politiske arbeidet, fortel ein svært glad ordførar-kandidat på tlf. frå Stryn, der han er på såkalla Parole i Utrykningspolitiet. Der braut det ut full jubel under middagen om kvelden 11. september, då han fekk meldinga om at han blei den nye ordføraren.

Kyrre Lindanger er glad for den store tilliten han har fått, både frå folket og dei andre politiske partia, og meddeler at motivasjonen er på topp nå når han skal ta plass i ordførarstolen.


Foto: Henriette S. Lindanger

**Prioriteringar og utfordringar**
Budsjett 2008 er det første han nemner når eg spør han om prioriteringar. Utfordringar som tilrettelegging av nye kommunale tomter, sjukeheimsplassar, barnehageplassar, lege og klasserom på skulen blir også nemnde, saman med fagpersonell i kommunale stillingar.

Internett-fokus får han også tid å nemna i ein travel lunsj-pause, der m.a. fleire aviser vil ha tak i den påtroppande ordføraren, som også har ringt leikekameraten frå barneåra på Austre Bokn, June Kro, og gratulert henne med vara-ordførarvervet. Gammalt kameratskap er eit svært godt ut-gangspunkt for å halda tradisjonen i hevd; politisk samarbeid mellom SP og AP i Bokn.
- Ja, partia har mykje dei same måla, seier ein som synest det er ei ære å bli ordførar nøyaktig 60 år etter den forrige ordføraren frå AP, Monrad Alvestad, som førde ordet i Bokn 1946-1947.
Mange prioriteringar/utfordringar ser Kyrre i samanheng med at folketalet er på veg opp, at kommuneøkonomien er bra, og oppblomstringa av næringslivet.

Han ser fram til arbeidet med det han kallar eit ungt og spennande kommunestyre, der også erfarne folk ivaretar kontinuiteten.

**Bygdabladet ynskjer han lukke til med jobben.**

# Startar helse-, omsorg- og velværebedrift på heimstaden

Jardar Havikbotn

**Bokn sin eigen fysioterapeut gjennom 19 år, Geir Austvik, har nettopp starta opp med "Galanten Kurbad" (GK) på Tysnes. Bedrifta får ikkje noko å seia for verksemda hans i Bokn, i alle fall ikkje førebels.**

- Nei, eg vil framleis vera her på onsdagar og torsdagar, men eg kjem til å ha eigne Spa-veker, fortel ein som lenge har hatt ein draum om å starta eiga verksemd på garden Galanten, heimplassen på Tysnes. Mange papirbunke- og byråkrati-år seinare har det heile blitt ein realitet.

Eit nytt 3-etg. hus på garden, ved sjøen, med 140 m2 ferdig innreia kjellar står klart, og har allerede tatt i mot kunder, tre om gongen. Geir har nemleg med seg ein hud-/Spa-terapeut og ein fotterapeut (frå 01.01.08), og eit av måla er at desse terapeutane i løpet av neste år skal få seg ein til-fredsstillande arbeidsplass.

Andre og tredje etasje skal innreiast med tanke på over-natting. Overnattingstilbod florerer ikkje på Tysnes i dag, men det kjem. M.a. er eit hotell under oppføring.
- Boknarar er hjerteleg velkomne til ein dagstur med full Spa-pakke. Reisetida er to timar, med ferje over til Hodna-nes frå Jektevik på Stord, skyt Geir inn, som i dag er aktiv oldboys-spelar på Brann - laget han blei cupmeister med i 1982.

47-åringen held seg altså i form, i tillegg til at han har stor tru på kombinasjonen å kvila seg, å samla krefter og å få inspirasjon, der han bur i naturskjønne omgivelsar på Tys-nes . Den erfarne fysioterapeuten ser og merkar at folk har



eit stort behov for å komma seg vekk frå ein travel kvardag.

Pr. i dag kan GK tilby massaje, vannterapi, leirebehandling, "Babor" (ansiktsbehandling), bodyscrub, voksing, korrigering & farging av bryn, manikyr og rygg– og nakkemassasje.

Interesserte kan få tak i ein fersk brosjyre om GK på Bokna-tun, på venterommet til Bokn fysioterapi. Ei nettside er også under utarbeiding, **www.galanten-kurbad.com**

**Bygdabladet ynskjer han lukke til med bedrifta.**

# Gjester frå Sverige

Brit Opsal

**Bokn skule, ungdomstrinnet har hatt gjester frå Lindängskolan i Malmø/Sverige. Gjestene, 24 elevar og 2 lærarar, kom mandag 10.09. og reiste heim att torsdag 13.09.**

Denne svenske klassen hadde fått pengar til å gjennomføre turen frå Nordplus junior. Hovudmålet med ei slik reise er å la ungdommar frå ulike kulturar møte kvarandre. Gjennom eit slikt møte håper ein at den einskilde vil oppdage alt som er felles, - sjølv om ein har svært ulik etnisk bakgrunn, og lever under svært ulike forhold.







**Alle dei svenske elevane budde heime hos elevar på vårt ungdomstrinn. Dette gjorde at mange blei svært godt kjende med kvarandre, og mange nye vennskap blei danna. Her representert av Sandra og Benedikte øverst til venstre, Josefine og Silje på biletet over, og Linus og Alexander til venstre.**

Boknelevane er vane med at dei aller fleste som bur på Bokn ser like ut, alle har den same religionen, den same hudfargen, alle et den same maten, osb.



**Det var tett program både dag og kveld. Dei svenske gjestene fekk med seg Nordvegen historiesenter.**



**Tur til Boknafjellet med matpause undervegs.**



**Sist men ikkje minst blei det heldigvis nydelig ver slik at fisket kunne gå som planlagt. Mange var i kontakt med båtliv og "ekte" fisk for fyrste gong.**



**Nokre fekk kurs i sløying.**

Me har det våre svenske gjester kalla eit ”etnisk eindimensjonalt samfunn”. I den klassen me hadde besøk av var fleire ulike kulturar og etniske bakgrunnar representerte, og desse elevane syntest Boknasamfunnet var svært så eksotisk.



Prøvesmaking av eigenfiska fisk for dei modigaste.



Nokre fekk kurs i sløying.

Onsdag og torsdag føremiddag var det felles arbeidsøkter på skulen. Arbeidsoppgåvene var retta mot at elevane skulle tenke over kva som er felles, meir enn kva som skil folk frå kvarandre.

Med utgangspunkt i små basisgrupper skulle elevane sortere seg etter hårfarge, høgd, månaden dei blei fødd i, forbokstav i etternamn o.s.b. Det viste seg fort at elevar som elles var svært ulike brått hadde noko felles, ei flott oppleving for mange.

Torsdag arbeidde elevane vidare med følgjande problemstilling:

§ Kva er det som gjer at du blir buande der du bur no, når du blir vaksen?

§ Kva er det som gjer at du flyttar frå staden du bur no, når du blir vaksen?

Desse to spørsmåla førte til mange gode samtalar. Det er alltid lett å seie kva som ikkje er slik ein ønskjer at det skal vere, men ikkje alltid like enkelt når ein skal peike på kva ein faktisk er fornøgd med. Elevane skreiv ned argumenta sine på små, gule lappar, som etterpå blei tilordna ein kategori som økonomi, fritid, familie og liknande. Kjekt å sjå at mange etter kvart kunne peike på mykje positivt med staden dei bur på.

**Felles nettstad**

Etter fellesarbeida samla elevane seg rundt datamaskinane for å legge ut bilete og skildringar av opplevingane så langt på ein felles nettstad som er oppretta berre for dette besøket. Her kan elevane dele bilete og sende meldingar til kvarandre, noko som er veldig populært. Før besøket fortalte elevane om seg sjølve, no i ettertid er det lagt ut mange nyheiter om reise, opphald, aktivitetar og vennskap, for å nemne noko. Me ser fram til å halde kontakten med våre nye venner i tida framover.





**Her er nokre klipp frå det dei svenske elevane skreiv på sida rett etter heimkomsten:**

**”Kommer aldrig glömma Norge. det var jättekul :) ”**
**”Norge var en fantastisk upplevelse! Hoppas vi får göra om det.. =D”**
**”Minne för livet. älskar er alla i Norge :d <3”**
**”jag glömmer aldrig när jag ramla från en båt ner i vattnet...”**
**”Det var jätte kul i norge jag vill tillbaka till bokn :D”**

# Fagtur til Latvia

Reidar Alvestad

**Helse– og sosialetaten i Bokn kommune hadde ein 4-dagars fagtur til Riga og Latvia ei utvida helg frå torsdag kveld den 13. til mandag den 17.september. Det er første gong ein slik tur er foretatt i seksjonen, og det var eit spleiselag mellom arbeidsgjevar, dei tilsette og fag-foreningane.**

### Fleire ekskursjonar

Det hadde på førehand vore kontakt mellom seksjons-sjef Gunn Grønnestad og ein tilretteleggar i Riga som både hadde ordna med program med fagleg tilsnitt og andre aktivitetar.

### Sosialsenter

Etter orienteringa om landet gjekk turen til eit sosial-senter i Kandala kommune eit godt stykke frå Riga. Dette var rekna for å vera bra utstyrt og gjera godt arbeid. Dei hadde mange fagpersonar som arbeidde med ulike typer oppgåver.

Utanom sosialkontortenester hadde dei oppgåver innafor heimehjelp, heimesjukepleie, barnevern, rådgjeving, og psykiatrisk behandling. Dei hadde også ei dagavdeling for eldre og psykisk funksjonshemma. Dei leverte også ut mat og hadde andre område dei arbeidde på.



**Forventningsfulle turdeltakarar i bussen før avreise frå Boknatun torsdag ettermiddag.**



**Gunn Grønnestad overrekker gåve til leiaren av organisasjonen som representerer Kommunenes Sentralforbund i Latvia.**

### I utvikling

Flyturen frå Sola til Riga tok berre knapt 2 timar, og me var seint framme. Neste dag var fullpakka med informasjon og besøk på ulike stader. Først oriente-ring om landet og korleis det vart styrt. Alle var invi-terte til informasjon om korleis landet var inndelt i regionar og fylker, og korleis det politiske og administrative systemet fungerte. Det var her ein latvisk organisasjon tilsvarande Norske Kommuners Sentralforbund som orienterte.

Latvia har vore gjennom harde tider i forrige århundre, og høyrt inn under fleire andre makter. Seinast Sovjetunionen fram til 1991. Nå er det ein eigen stat som er medlem av EU, og det har vore ei stor utvikling i landet etter at dei vart eigen stat. Dei seinare åra har landet utvikla seg og er oppdelt i fær-re regionar og kommunar enn dei hadde før. Latvia har berre litt over 2 mill. menneske, og ikkje langt frå halvparten bur i Riga og næraste omland.

I Sovjet-tida var systemet slik at dei hadde barne-heimar, aldersheimar og ein type sosial forsikring. Etter 1991 starta dei opp ei utvikling kor det sosiale systemet meir vart oppbygd etter nordisk mønster, men det er ennå mangel på fagpersonar i systemet.

Levestandarden er ein annan enn i dei andre nordiske landa, og ein kan godt forstå at mange reiser som gjestearbeidarar til andre nordiske land for å få meir å rutta med. Sosiale stønader og trygder er også på eit minimum etter våre forhold.

### Alkoholmisbruk

Det som var den største utfordringa ved sosialsenteret var det store alkoholmisbruket i kommunen og dei helsemessige, sosiale og barnevern-problema det skapte. T.d. hadde dei eige krisesenter for folk som vart kasta ut frå heimane sine, eller ikkje kunne bu heime pga at andre i heimen misbrukte alkohol.
Leiaren av sosialsenteret meinte at det store alkohol-misbruket skreiv seg frå Sovjet-tida, og var noko dei måtte arbeida hardt med for å få kontroll på. Leiaren trudde det ville gå lang tid før dei ville greia å snu alkoholvanane i landet.



**Pensionats Rauda med plass for 400 eldre. Om-visinga og orienteringa er ferdig, og folk tar bilder av institusjonen.**

**Aldersheim**
Gruppa hadde også eit besøk ved ein aldersheim eit stykke utafor Riga. Namnet på denne var "Pensionats Rauda". Her var det 400 bebuarar og 200 tilsette. Aldersheimen var finansiert ved tilskot frå fleire. M.a. finansierte det offentlege litt, pluss at bebuarane betalte litt. Institusjonen skulle vera ein av dei betre i Latvia. Bebuarane kom frå alle deler av landet og frå bebuarar som syntes dei hadde det fint. Me fekk orientering både frå styraren og aktivitøren.

**Byvandring og attraksjonar**
Elles var turen lagt opp til at gruppa skulle ha det gildt i lag i form av guida byvandring i den flotte byen Riga, utflukt til Rundale slott og tur til badebyen Jurmala siste dagen, med høve til avslappande spabehandling.




**Alle turdeltakarane framfor Frihetsstatua i Riga.**

andre land. Truleg var dei sistnemnde utflytta latviarar som kom tilbake.

**Aktivitetar**
Det som viste seg å vera ganske bra på denne institusjonen, var aktivitetane dei hadde for bebuarane. Her var det dans, teater, forming, fysisk trening pluss andre ting. Dei drog også ut av institusjonen på ulike aktivitetar. Elles var ikkje fasilitetane og bueiningane på same nivå som her til lands, men me traff fleire

Til saman 32 personar var med på turen, og dei fleste er nok ei erfaring rikare ved å sjå korleis helse– og sosialsystemet fungerer i ein stat som Latvia samanlikna med vårt.

Det er også å håpa at den sosiale delen av turen gjorde sitt til at fleire fekk nye inntrykk og sider ved dei andre deltakarane enn ein ser til dagleg i jobbsituasjonen, og at turen ga noko att med tanke på gode kollegiale forhold framover.

Me gratulerer



Eg vil gratulera **mamma og pappa (Mona og Tor Inge Sæbø)** som gifta seg 4. august -07

**Hilsen Sander**





Me vil gratulera **Gunnar Sæbø / farfar** med dagen som var 10. september.

**Hilsen Sander, Tor Inge og Mona**



# Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -
- daglege oppdateringar i nettutgåva -

**OKTOBER**

01. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
02. Speidarmøte
03. Basar for Den Indre Sjømannsmisjon på bedehuset kl. 19.30
04. Strikkekafé kl. 18.00 – 21.00 på gamleskulen, arr. Bokn vevstove
07. Kaffimøte på Bedehuset kl. 15.00. Song & musikk. Kaffi m/noko attåt - arr. Frelsesarméen

Veke 41 Haustferie, Bokn skule

**10. Saniteten har temamøte: Brannsikkerhet**
12. Kino i Auditoriet
14. Gudsteneste kl. 11.00
15. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
16. Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00
16. Speidarmøte

**17. Eventyrstund på Biblioteket kl. 17.00**
18. Strikkekafé kl. 18.00 – 21.00 på gamleskulen, arr. Bokn vevstove
20. Auksjon på skulen - arr. Bokn musikkorps
21. Normisjon, møte på bedehuset kl. 19.30
23. Speidarmøte
24. Salgsmesse på gamleskulen kl. 19.00, arr. Bokn vevstove
25. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

**25. "INGVAR MOE og bygda hans, dikt og rimelege songar, sjå s. 13**
25. Fotballavslutning på skulen, arr. Bokn IL.

27./28. Hegren sportsdansklubb på Norgescup/Vestlandsserien i Hgsd.

29. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
30. Speidarmøte

**NOVEMBER**

01. Strikkekafé kl. 18.00 – 21.00 på gamleskulen, arr. Bokn vevstove
02. Basar for ABR-senteret på bedehuset kl. 19.00

03./04. Seminar på skulen, Bokn skulekorps

03. Haustfest/Dans - "Sjetongane fra Haugesund", arr. Bokn IL
04. Gudsteneste kl. 11.00 - Allehelgenssundag
06. Speidaropptak på bedehuset kl. 18.00
09. Kino i Auditoriet
12. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30

**13. Saniteten 70 år. Fest på Allrommet**
13. Speidarmøte
15. Strikkekafé kl. 18.00 – 21.00 på gamleskulen, arr. Bokn vevstove
16. Kulturkveld på bedehuset Tema:"Gyldne Øyeblikk" v/Olav Vikse kl. 19.00
18. Gudsteneste kl. 15.00 - 4 årsbok
18. Bingo på skulen kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps
20. Speidarmøte

24./25. Hegren sportsdansklubb på Norgescup/Vestlandsserien i Bergen

25. Møte, NMS, bedehuset kl. 19.30
26. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
27. Speidarmøte
29. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

**DESEMBER**

01. Juleavslutning på skulen kl. 13.00 - arr. Hegren sportsdansklubb
02. Lysmesse kl. 19.00
04. Grautfest på skulen - arr. Speidaren
07. Kino i Auditoriet
09. Luciafest på skulen - arr. Bokn musikkorps
10. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
16. Gudsteneste kl. 11.00
16. Juletrefest for born på bedehuset kl. 15.00 Arr: Ekornspeidarar, og Småspeidarar
19. Juleavslutning, Bokn skule

**21. Julekonsert i Bokn kyrkje kl. 19.00, arr. Sokne-rådet**
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Juletrefest på Bedehuset kl. 19.00 Arr.: Frelsesarmeen og bedehusstyret
31. Gudsteneste kl. 16.00


## VEVSTOVA HAR SALGSMESSE

Onsdag den. 24. oktober 2007 kl. 19.00

Fine vevde ting og anna handarbeid

Heimebakt og kaffi

VELKOMMEN!


## GYMSALTIMEPLAN, KVELD - OPPDATERT SEPT. 2007

| DAG | AKTIVITET | KLOKKESLETT | ANSVARLEG |
|---|---|---|---|
| Måndag | Fotball G8 og G9<br>Bokn musikkorps<br>Fotball G13 | 16.45 - 17.45<br>18.00 - 20.00<br>20.00 - 21.30 | Kjell Olav Skjelde/Atle Jøsang<br>Jardar Havikbotn<br>Arild Nilssen/Steeven Høyland |
| Tysdag | Danseskule<br>Volleyball, ungdom | 13.15 - 18.00<br>18.00 - 20.00 | Wendy Riber<br>Rita Jensen |
| Onsdag | Fotball G7<br>Fotball J10 og J12<br>Bokn musikkorps | 17.00 - 18.15<br>18.15 - 19.30<br>20.00 - 22.00 | Roger Jøsang<br>Louis Medhaug<br>Jardar Havikbotn |
| Torsdag | Danseskule<br>Fotball G11<br>Volleyball, ungdom<br>Volleyball, vaksne | 14.00 - 17.30<br>17.30 - 19.00<br>19.00 - 20.00<br>20.00 - 22.00 | Wendy Riber<br>Leif Kjellesvik<br>Rita Jensen<br>Atle Jøsang |

# Kommunedelplan for Rogfast

Reidar Alvestad

Statens vegvesen Region vest utarbeider nå kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E39 Rogfast. I samband med dette hadde dei eit ope orienteringsmøte på Boknatun den 29. august.



Ein tre - fire-dobling av dagens trafikk kan bli realiteten på E39 over Bokn. Her eit bilde på ferjetrafikken 1. søndag i september ovanfor Alvestadkroken.

**Fristar for innspel**
Hans Faye frå Bokn kommune orienterte først om saksgangen vidare. Bokn formannskap behandlar saka den 4. september, kommunestyret den 14. september. Statens vegvesen har ein høyringsfrist 25. september. Berørte partar kan koma med innspel til desse instansane om dei har merknader.

**Fordeler og ulemper**
Hans Faye sa at kommunen er positiv til vegprosjektet, som vil medføra fordeler på mange vis med døgnopen veg mellom sør– og nordfylket. Likevel vil prosjektet ha visse negative konsekvenser som ein bør kunna forebygga. Mellom anna er det ikkje lagt inn av– og påkjøring til Are. Konsekvensen er då at dei må inn til Knarholmen krysset for å koma inn på vegen. Knarholmkrysset er planlagt som eit planfritt kryss når Rogfast er utbygd, medan det ikkje er lagt inn utbetring av krysset på Austre Bokn eller Ognøy i planen.

**Kommunen sine merknader**
I Bokn kommune sitt framlegg til vedtak i saka, har ein f oreslått at det vestre trase-alternativet før tunnel ned i sjøen blir valt. Dette alternativet går i ein svak bue vest for nåverande veg før vegen skal inn i tunnel.

Vidare har ein vist til ein utarbeidd rapport som Bokn kommune har fått utarbeidd vedrørande konsekvenser for trafikksituasjonen etter Rogfast. Denne gir tilrådingar om forbetringstiltak, m.a. når det gjeld støy gjennom bustadområde. Kommunen krev at trafikksikringstiltak og støy langs eksisterande veg vert utgreidd nærare i prosessen, og at nødvendige tiltak på desse områda må innarbeidast og gjennomførast som ein integrert del av Rogfastprosjektet.

Kommunen ser det også som viktig at etablert infrastruktur på Arsvågen saman med komande utfylte område, blir gitt ei samfunnsmessig god utnytting. Difor meiner ein også at det er nødvendig at det vert lagt til rette for av– og påkjøring i dette området.

Kommunen meiner også at ventilasjonstårn for tunnelen på Kråke er svært utsett reint vermessig, og at det difor er ein mangel at det ikkje er utgreidd noko alternativ til dette.

**Stort prosjekt**
Planansvarleg Ingar Hals frå Statens vegvesen Region vest orienterte om planen så langt. Det er lagt opp til ein 25 km lang undersjøisk tunnel frå Harestad i Randaberg til Are i Bokn med med arm til Kvitsøy. For at prosjektet skal kunna vurderast ved neste revisjon av Nasjonal transportplan, vert det nå laga meir detaljerte planar. Det vert tatt sikte på å ha godkjende
kommunedelplanar for prosjektet i dei tre berørte kommunane innan 2007.
Tunnelen skal ha to paralelle løp med to kjørebanar kvar veg. Dette vil vera ein fordel i forhold til bergingsaksjonar ved uhell. Det blir samband med gangtunnellar mellom dei to løpa.
Trafikken over Boknafjorden er i dag 2900 kjøretøy pr. døgn. Berekningar viser at med tunnel utbygd ville trafikken i 2014 vera 3900 kjøretøy med ein bompengesats på kr. 180,-. Utan bompengar ville antall kjøretøy vera 10735 pr. døgn i 2014.

**Samfunnsmessige fordeler**
Det er hevda å ha store samfunnsmessige fordeler å få fast vegsamband mellom sør– og nordrogaland. Døgnopen veg vil ha store positive verknader for dei store eksportretta bedriftene som ligg på Sørvestlandet. For oppdrettsnæring og andre som krev rask transport av ferskvarer, vil det ha stor betydning å nå dei store marknadene i Europa raskare. Også for Rogaland som fylke, vil to store befolkningskonsentrasjonar i nord og sør kunna få ein meir felles bustad– og arbeidsmarknad. Ein vil spara 40 minutt på strekninga Randaberg—Bokn i forhold til i dag.

**Andre konsekvenser**
Når det gjeld konsekvensar for natur og miljø, er det små konsekvensar for Bokn sin del, sidan traseen for vegen på land stort sett vil gå som i dag.
